



## Møtebok for Formannskapet

**Møtedato:** 23.11.2021  
**Møtestad:** Brannstasjonen på Mo  
**Møtetid:** 10:00 - 15:00

<b>Frammøtte medlemmer</b>	<b>Parti</b>	<b>Rolle</b>	<b>Merknad</b>
Kjetil Eikefet	SA	Ordfører	
Ann-Jorunn Farestveit	SO	Varaordfører	
Liv Anne Aanesen	SA	Medlem	
Håvard Engeseth	SO	Medlem	

<b>Forfall meldt frå medlem:</b>	<b>Parti</b>	<b>Rolle</b>	<b>Merknad</b>
Kristin Nåmdal	SA	Medlem	Meldt forfall

<b>Frammøtte varamedlemmer:</b>	<b>Parti</b>	<b>Rolle</b>	<b>Merknad</b>
Anne Britt Almelid	SA	Varamedlem	Vara for Kristin Nåmdal

<b>Frå administrasjonen:</b>	<b>Funksjon:</b>	<b>Rolle</b>	<b>Merknad</b>
Jo Bjarte Tømmerbakke	Rådmann	Administrasjon	
Ove Sæbø	Assisterande rådmann	Administrasjon	
Magne Verpelstad	Økonomisjef	Administrasjon	

## Sakliste

<b>Saknr</b>	<b>Tittel</b>
032/2021	Godkjenning av innkalling og sakliste
033/2021	Godkjenning av møteprotokoll
034/2021	Orienteringssaker
035/2021	Kommunedelplan for vassforsyning,avlaup og vassmiljø - Modalen kommune
036/2021	Leve heile livet i Modalen - plandokumentet
037/2021	Budsjett og økonomiplan 2022 - 2025

# Sakspapir

<b>Saksbehandler</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Anneli Vatle Lilletvedt	FE-033	21/299

<b>Saksnr</b>	<b>Utvalg</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
032/2021	Formannskapet	PS	23.11.2021

## Godkjenning av innkalling og saksliste

### Forslag til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent

### Saksopplysningar:

## Formannskapet - 032/2021

### FOR - behandling:

Samrøystes vedteke

### FOR - vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent

## Sakspapir

<b>Saksbehandler</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Anneli Vatle Lilletvedt	FE-033	21/299

<b>Saksnr</b>	<b>Utvalg</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
033/2021	Formannskapet	PS	23.11.2021

### Godkjenning av møteprotokoll

#### Forslag til vedtak:

Møteprotokoll vert godkjend slik den ligg føre

#### Saksopplysningar:

### Formannskapet - 033/2021

#### FOR - behandling:

Møteprotokollen låg ikkje ved innkallinga  
Samrøystes vedteke

#### FOR - vedtak:

Møteprotokoll vert godkjend

# Sakspapir

<b>Saksbehandler</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Anneli Vatle Lilletvedt	FE-033	21/299

<b>Saksnr</b>	<b>Utvalg</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
034/2021	Formannskapet	PS	23.11.2021

## Orienteringssaker

### Forslag til vedtak:

Sakene vert tekne til orientering

### Saksopplysningar:

Samrøystes vedteke

## Formannskapet - 034/2021

### FOR - behandling:

Ordføraren orienterte:

- Offisiell opning av dagsturhytta vert utsatt fram til våren. Ein kan likevel nytte dagsturhytta før dette. Kommunen vil informere om dato for ferdigstilling.
- Ynskjer å gjennomføre besøk hjå Stian Steinsland for å sjå på det nye løebygget som vart finansert m.a. med støtte frå Næringsfondet.

Rådmannen orienterte:

- Namnekonkurransen for det nye kommunehuset på Mo er i gong. Understreker at forslag må sendast pr. e-post. Føreslåtte namn på det nye bygget vert forelagt formannskapet (jury). Dersom fleire personar har føreslått det same namnet og formannskapet har valgt dette som vinnarnamn, så må det gjerast ei loddrekking mellom dei som har dette forslaget. Dersom medlemmane av formannskapet kjem med forslag, å dei melde frå at dei er ugilde i sjølve vurderinga.
- Nybygget vart gjennomgått 17. nov for m.a. å sjå på status/manglar. Det vart atala at entreprenøren fekk ytterlgare 2 veker med arbeidsro for å ferdigstille. Møblar har byrja å komme til. Etter overtaking (17/11 + 2 veker) vil det bli gjort ei vurdering av innflyttingstidspunkt. Litt malerarbeid på utsida av bygget står att til våren.

- Rassikringsarbeidet er planlagt ferdigstil i løpet av veke 49. Det vert laga i stand gjerde langs sti oppe i fjellveggen. Dette vl sikre gåande, samt kunne fange opp stein. Det skal besluttast omdet er område som skal boltast. Ei ny sprekk er oppdaga. Denne må vurderast nærare m.o.t. evt. tiltak. I veke 50 vil arbeidet med å rette opp skadar på Bryggjeslottet bli tatt fatt på.

Gjennomføring av livreddingskurs for tilsette i Bryggjeslottet må gjennomførast før bassengt vert opna for øvrige.

- Utsmykking av det nye bygget. Rådmannen er i gong med saksutgreiing. Det er ikkje satt av spesifikk sum til dette føremålet. Ein del kommunar reknar 0,5 - 1 % av byggjesum. T.d. vil 1 % utgjere rundt kr. 400 000,-. Forslag til utsmykking kan t.d. vere å nytte kunst frå førre bygg, samt å forstørre opp fotografi knytt til kommunen si sandhistorie. Formannskapet stiller eg bak forslag til utsmykking. Samrøystes vedteke

#### **FOR - vedtak:**

Sakene vert tekne til orientering

# Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Tone Selmer Skuggevik	FA-M09	20/96

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
035/2021	Formannskapet	PS	23.11.2021

## Kommunedelplan for vassforsyning, avlaup og vassmiljø - Modalen kommune

### Forslag til vedtak:

1. Modalen kommune vedtek at planutkast for kommunedelplan for vassforsyning, avlaup og vassmiljø vert lagt ut på høyring og offentleg ettersyn jamfør plan – og bygningslova § 5-2.
2. Frist for merknadar og innspel vert sett til 6 veker frå kunngjeringsdato.

### Saksopplysningar:

Gjeldande VA – planer for Modalen kommune er frå 1997 og er såleis av eldre dato. Det er behov for å revidere målsetjingar, oppdatere status for VA – systemet og planleggje naudsynte tiltak.

Det er utarbeid ein felles kommunedelplan for sektorane vatn og avlaup.

Oppstart av planarbeidet vart vedteke av formannskapet hausten 2020. Det er nedsett ei kommunal prosjektgruppe som har leia arbeidet med kommunedelplanen. Norconsult AS er rådgjevar for planarbeidet og har delteke i prosjektgruppa, som består av følgjande medlemmer:

Tone Selmer Skuggevik, teknisk sjef  
Kjell Langeland, konsulent teknisk etat  
Njål Bolstad Eidsnes, ingeniør teknisk etat  
Johan M. Hansen, oppdragsleiar Norconsult  
Ingrid Vatne rådgjevar Norconsult

### Bakgrunn

Hausten 2020 var det utarbeidd eit planprogram for planarbeidet. Melding om oppstart av planprosessen vart sendt til offentlege mynde og lag, samt kunngjort på kommunen sine heimesider. I tråde med plan- og bygningslova vart planprogrammet lagt ut til offentleg ettersyn av formannskapet 29.oktober 2020, med høyringsfrist 09.12.2020. Planprogrammet vart vedteke i kommunestyret 18.02.2021.

## Vurdering

Kommunedelplanen er delt inn i fire deler (Del A – D). Del A er felles for vassforsyning og avlaup, og tar for seg bakgrunn og rammer for planarbeidet, mellom anna lovgrunnlag og sentrale forskrifter, tilhøvet til andre planar, og korleis arbeidet med vassforsyning og avlaup er organisert i kommunen.

Del B tar for seg vassforsyninga i kommunen. Der vert det gitt skildring av eksisterande anlegg samt naudsynte tiltak for vidare utbygging og forbetring. Tilsvarande handlar del C om avlaup. Del D visar ei oversikt over prioritering og kostnadskalkyle for tiltaka.

Føremålet med planen er å sikra at alle i Modalen kommune til ein kvar tid skal ha tilgang nok og godt drikkevatt. Transport og reinsing av avlaupsvatt skal vere i samsvar med regelverk og NS – standard.

Som ein del av planarbeidet er det gjennomført risiko – og sårbarheitsanalyse (ROS) for vassforsyninga. ROS – analysen har identifisert fleire hendingar med uakseptabel risiko med omsyn til samfunnstryggleik.

Jamfør innspel frå Statsforvaltaren er det også gjennomført Miljørisikoanalyse for avlaup i planprosessen. Analysen identifiserer og understrek behovet for å få innmålt og dokumentert eksisterande anlegg.

Det er viktig å investera i vassforsyning avlaupshandtering i Modalen dei kommande åra. I fyrste omgang er det viktig å få oversikt over leidningsnett og anlegg gjennom innmåling og etablering av digital leidningsdatabase. I tillegg vert det viktig å sikre tilstrekkeleg sikkerheit og kapasitet i vassforsyninga og å sikre tilstrekkeleg reinsing av avlaupsvatnet. Eksisterande kommunalt utsløppsløyve skal fornyast basert tilhøve i respientane.

Tiltaka i planperioden gir utslag i store økonomiske investeringar. Totalt er det planlagt tiltak for om lag 27 mill. kroner i perioden 2022 – 2032. I Modalen kommune vert vassforsyning og avlaupshandtering subsidiert. Det er få abonnentar og dele kostnadane på, og ved full sjølvkost ville gebyrnivået i planperioden vore svært høgt.

Fastsetjing av gebyr og kor stor andel som skal subsidierast må vurderast ved fastsetjing av budsjett 2022. I planen er det vist korleis VA – gebyret ville vore ved full sjølvkost i planperioden.

Tiltaka i planperioden er overordna tiltak basert på dagens informasjon om anlegga. Vidare undersøkingar kan endre omfang og korleis problemstillingane vert løyste.

## Konklusjon

Rådmannen vil tilrå at formannskapet vedtek at utkast til kommunedelplan for vassforsyning, avlaup og vassmiljø vert lagt ut på høyring og offentleg ettersyn jamfør plan – og bygningslova §5-2. Frist for merknadar og innspel vert sett til 6 veker frå kunngjeringsdato.



## **Formannskapet - 035/2021**

### **FOR - behandling:**

Ordfører og rådmann orienterte om saka  
Samrøystes vedteke

### **FOR - vedtak:**

1. Modalen kommune vedtek at planutkast for kommunedelplan for vassforsyning, avlaup og vassmiljø vert lagt ut på høyring og offentleg ettersyn jamfør plan – og bygningslova § 5-2.
2. Frist for merknadar og innspel vert sett til 6 veker frå kunngjeringsdato.

### **Vedlegg:**

2021-11-15 Planutkast\_KDP\_VA E02

2021-11-15 Planutkast\_KDP\_VA E02 VEDLEGG 1

# Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Ove Sæbø	FA-H09, TI-&23	20/358

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
008/2021	Råd for eldre og funksjonshemma	PS	22.11.2021
036/2021	Formannskapet	PS	23.11.2021
	Kommunestyret	PS	

## Leve heile livet i Modalen - plandokumentet

### Forslag til vedtak:

**Modalen kommune vedtek planen «Leve heile livet i Modalen» slik han ligg føre.**

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Som hovudmål 1 i *Kommuneplan Modalen 2015 - 2026* står det: Modalen er ein attraktiv, trygg og inkluderande plass å bu. *Leve heile livet i Modalen* skal bidra til å oppfylle dette målet, med særleg merksemd retta mot den eldre delsen av innbyggjarane.

Regjeringa gjennomfører kvalitetsreforma *Leve hele livet* og innleiar Stortingsmelding nr. 15 (2017 – 2018) på følgjande vis:

*Reforma Leve heile livet skal bidra til at eldre kan mestre livet lenger, ha tryggleik for at dei får god hjelp når dei har behov for det, at pårørande kan bidra utan at dei blir utslitt og at tilsette kan bruke sin kompetanse i tenestene. Meldinga sitt hovudfokus er å skape eit meir aldersvennleg Noreg og finne nye og innovative løysingar på dei kvalitative utfordringane knytt til aktivitet og fellesskap, mat og måltid, helsehjelp, samanheng og overgangar i tenestene.*

I Modalen har dette blitt til «Leve heile livet i Modalen». Det har vore lagt opp til ein prosess som gjekk frå fase 1 i 2019 kor det var oppstart av arbeidet og informasjon og spreing som stod sentralt. Vidare til fase 2 i 2020/2021 med kartleggingar, planlegging og beslutningar. I fase 3 2021 – 2024 skal det gjennomførast, implementerast og rapporterast, før ein til slutt i 2024 skal evaluere og forbetre.

Det har blitt arbeidd parallelt med pandemiutfordringar dei siste 2 åra på eit vis som i størst mogleg grad har søkt å kople på innbyggjarstemmer gjennom ulike kanalar, jfr. planframlegget. Tilbakemeldingar, særleg frå eldre i Modalen gjennom *Råd for eldre og personar med nedsett*

*funksjonsevne og onsdagstreffet* på Modalstunet, har vore at det er store forventningar til planen og dei måla som er satt.

Reformarbeidet har aldersgruppa 65 år + som målgruppe. Likevel er dette ei samfunnsreform fordi det er eit felles arbeid som skal skje på alle nivå i kommunen. I tillegg skal me alle vonaleg verte ein del av målgruppa før eller seinare.

Hovudinnsatsomåda i planarbeidet er eit aldersvenleg Noreg, aktivitet og fellesskap, mat om måltid, helsehjelp og samanheng i tenestene. I Modalen har mange av tilbakemeldingane vore at det er ein generelt godt samfunn å bu i som innbyggjar i målgruppa. Det er likevel område som kan betrast. I planen er det lagt opp til at det skal vere eit årleg undervegs møte kor me skal kunne drøfte framdrifta. I 2024 skal det gjerast eit evalueringsarbeid kor ein skal danne grunnlaget for arbeidet vidare inn framtida. Planen er ikkje knytt til helse eller pleie og omsorg spesielt. Difor vert planen eit grunnlagsdokument for alle andre planar Modalen kommune vedtek, jfr. kommunal planstrategi 2021. Dette gjev ein sektorovergripande effekt kor planar vert knytt saman og byggjer på kvarandre.

Reformarbeidet på nasjonalt nivå byggjer på kva tilsette, eldre, pårørande, frivillige, forskarar og leiarar har sett fungerer i praksis. Kva som løfter kvaliteten på tenester og bidreg til trygg og verdig alderdom. Det same har me søkt å få til i Modalen

Kommunar som vedtek plan i tråd med reforma innan utgongen av 2021 vil bli prioriterte innanfor relevante eksisterande og eventuelle nye øyremerkte ordningar.

Lenkje til Meld. St. 15 (2017 – 2018) Leve hele livet. En kvalitetsreform for eldre.

<https://www.regjeringen.no/contentassets/196f99e63aa14f849c4e4b9b9906a3f8/no/pdfs/stm201720180015000dddpdfs.pdf>

Lenkje til Kommuneplan for Modalen kommune 2015 – 2026:

<https://www.modalen.kommune.no/siteassets/plan-bygg-og-eiendom/planomtale2b20152b-2b2026.pdf>

## **Vurdering**

Rådmannen si vurdering er at det har gått føre seg eit godt og omfattande arbeid i Modalen frå mange ulike hald. Råd for eldre og personar med nedsett funksjonsevne har vore ein stor bidragsytar i drøftingsarbeidet. I tillegg har det kome innspel frå lag/organisasjonar, ungdomsrådet, leiarane for dei ulike kommunale einingane, onsdagstreffet på Modalstunet. Det har vore drøftingar med dei hovudtillitsvalde, hovudverneombod, samt undervegsdrøfting i formannskapet. Grunna generelle utfordringar i pandemiperioden har det vore mindre deltaking i ulike fora utanfor Modalen.

Rådmannen finn at arbeidet byggjar på den kommunale planstrategien som kommunestyret vedtok tidleg i 2021, kor Leve heile livet i Modalen var ein prioritert plan for 2021. I tillegg vart det i same dokument vedteke at alle framtidige planar også skulle sjå til FN sine berekraftsmål. Det er også gjort i Leve heile livet i Modalen.

Rådmannen si vurdering er vidare at planen inneheldt godt grunnlagsstoff i innleiande delar, og at dette er summert opp i konkretisering av tiltak. Tiltaka synleggjer dei ambisjonar som skal gjelde for modalssamfunnet framover. Det har vore ei prioritering at planen skal vere lesevenleg og konkret.

Det er stor grunn til å tru at planen med sine tiltak vil bidra til ein god alderdom hjå eldre framover.

Rådmannen vil understreke at dette ikkje er ein helse- og/eller omsorgsplan. Ein vil difor ikkje finne konkretiseringar kring korleis møte helse- og omsorgsbehova spesielt framover. Det vil ein (som planen peiker på) finne att i kommande helse- og omsorgsplan for Modalen kommune. T.d er det slik at velferdsteknologi skal vere ein ordinær del av tilbodet til innbyggjarane frå 2022. Dette vil likevel kunne gje ytterlegare løft for livskvaliteten for målgruppa.

#### **Konklusjon**

Rådmannen rår til at planen vert vedteke slik han ligg føre.

#### **Råd for eldre og funksjonshemma - 008/2021**

##### **REF - behandling:**

Samrøystes vedteke

##### **REF - vedtak:**

**Modalen kommune vedtek planen «Leve heile livet i Modalen» slik han ligg føre.**

#### **Formannskapet - 036/2021**

##### **FOR - behandling:**

Ordførar og ass.rådmann orienterte om saka  
Samrøystes vedteke

##### **FOR - vedtak:**

**Modalen kommune vedtek planen «Leve heile livet i Modalen» slik han ligg føre.**

#### **Vedlegg:**

Kommunal planstrategi - Modalen kommune, 2021 - 2023

Leve heile livet i Modalen!

# Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Magne Verpelstad		21/295

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
037/2021	Formannskapet	PS	23.11.2021
009/2021	Råd for eldre og funksjonshemma	PS	22.11.2021
008/2021	Administrasjonsutvalet	PS	23.11.2021

## Budsjett og økonomiplan 2022 - 2025

### Forslag til vedtak:

**1** Modalen kommune sitt budsjett og økonomiplan 2022-2025 vert vedteke slik det ligg føre i tråd med budsjett og økonomiplandokumentet.

**2** Eigedomsskatt 2022: For eigedomsskatteåret 2022 vert det skrive ut eigedomsskatt med heimel i eigedomsskattelova § 3 fyrste ledd bokstav c: «berre på kraftverk, vindkraftverk og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum».

Den alminnelege eigedomsskattesatsen i Modalen kommune er 7 promille, jfr eigedomsskattelova § 11 fyrste ledd.

Eigedomsskatten for 2022 forfell til betaling i 2 terminar: 31. mars og 30. september, jfr eigedomsskattelova § 25.

Klagenemnda for eigedomsskatt har kompetanse til å handsame klager etter § 19 i eigedomsskattelova, jfr § 20 i eigedomsskattelova.

Modalen kommune gjennomførte ny alminneleg taksering i 2019. Dette omfattar kraftnettet, då eigedomsskattegrunnlaget for kraftverk er likningsverdiar frå Skatteetaten.

**3** Låneopptak frå Husbanken til vidareformidling vert fastsett til kr 1 500 000 for 2022. Lånet er heimla i kommunelova § 14-17 (Lån til vidare utlån). Rådmannen har fullmakt til å gjennomføre låneopptaket og gjere val av vilkår.

**4** Betalingssatsar for 2022 vert vedteke i tråd med vedlegget: Modalen kommune – betaling for kommunale tenester 2022.

## **Saksopplysningar:**

### **Bakgrunn**

Rådmannen legg fram sak om budsjett og økonomiplan for åra 2022 – 2025 til handsaming i formannskapet. Formannskapet skal handsame framlegget og gje innstilling til vedtak i kommunestyret.

### **Vurdering**

Det vert vist til vedlagte dokument: Modalen kommune – Økonomiplan 2022 – 2025 og årsbudsjett 2022 – Framlegg frå rådmannen.

Rådmannen har i ein administrativ prosess ferdigstilt framlegget til årsbudsjett og økonomiplan for åra 2022 – 2025. Årsbudsjettet er fyrste året i økonomiplanen. Årsbudsjettet og økonomiplanen omfatter både drift og investeringar som er synt i eigne atskilde oversyn.

Ved førre rullering var det vanskelege økonomiske framtidsutsikter. Vanskane knytta seg i hovudsak til venta nedgang i eigedomsskatteinntekt frå 2021 til 2024. No har prognosane for eigedomsskatteinntekta endra seg positivt igjen. Endringa knyt seg i stor grad til kraftprisar. Kraftprisen var svært låg gjennom heile 2020 og bidrar til redusert eigedomsskattegrunnlag frå og med 2022. Kraftprisen har no vore svært høg gjennom stort sett heile 2021, og dette bidrar til auka eigedomsskattegrunnlag frå og med 2023. Me ser såleis at det er relativt store svingningar på inntekt som me ikkje har noko innverknad på.

Framlegget til budsjett og økonomiplan er saldert med eit netto driftsresultat på over 3 % for kvart år i planperioden.

Det vert synt til informasjon, tabellar og oversyn i vedlagte dokument: Budsjett og økonomiplan 2022-2025 – Rådmannen sitt framlegg. Det vil òg verte supplert med nærmare informasjon om prosess og innhald, samt betalingssatsar, i presentasjon for formannskapet og kommunestyret i samband med den politiske handsaminga.

### **Konklusjon**

Framlegg til budsjett og økonomiplan 2022 – 2025 vert vedteke i tråd med saksframlegget, vedlagte dokument og framlegg til punktvedtak.

## Råd for eldre og funksjonshemma - 009/2021

### **REF - behandling:**

Samrøystes vedteke

### **REF - vedtak:**

**1** Modalen kommune sitt budsjett og økonomiplan 2022-2025 vert vedteke slik det ligg føre i tråd med budsjett og økonomiplandokumentet.

**2** Eigedomsskatt 2022: For eigedomsskatteåret 2022 vert det skrive ut eigedomsskatt med heimel i eigedomsskattelova § 3 fyrste ledd bokstav c: «berre på kraftverk, vindkraftverk og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum».

Den alminnelege eigedomsskattesatsen i Modalen kommune er 7 promille, jfr eigedomsskattelova § 11 fyrste ledd.

Eigedomsskatten for 2022 forfell til betaling i 2 terminar: 31. mars og 30. september, jfr eigedomsskattelova § 25.

Klagenemnda for eigedomsskatt har kompetanse til å handsame klager etter § 19 i eigedomsskattelova, jfr § 20 i eigedomsskattelova.

Modalen kommune gjennomførte ny alminneleg taksering i 2019. Dette omfattar kraftnett, då eigedomsskattegrunnlaget for kraftverk er likningsverdiar frå Skatteetaten.

**3** Låneopptak frå Husbanken til vidareformidling vert fastsett til kr 1 500 000 for 2022. Lånet er heimla i kommunelova § 14-17 (Lån til vidare utlån). Rådmannen har fullmakt til å gjennomføre låneopptaket og gjere val av vilkår.

**4** Betalingsatsar for 2022 vert vedteke i tråd med vedlegget: Modalen kommune – betaling for kommunale tenester 2022.

## Administrasjonsutvalet - 008/2021

### **AU - behandling:**

Rådmannen presenterte framlegg til budsjett og økonomiplan.

### **AU - vedtak:**

**1** Modalen kommune sitt budsjett og økonomiplan 2022-2025 vert vedteke slik det ligg føre i tråd

med budsjett og økonomiplandokumentet.

**2 Eigedomsskatt 2022:** For eigedomsskatteåret 2022 vert det skrivne ut eigedomsskatt med heimel i eigedomsskattelova § 3 fyrste ledd bokstav c: «berre på kraftverk, vindkraftverk og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum».

Den alminnelege eigedomsskattesatsen i Modalen kommune er 7 promille, jfr eigedomsskattelova § 11 fyrste ledd.

Eigedomsskatten for 2022 forfell til betaling i 2 terminar: 31. mars og 30. september, jfr eigedomsskattelova § 25.

Klagenemnda for eigedomsskatt har kompetanse til å handsame klager etter § 19 i eigedomsskattelova, jfr § 20 i eigedomsskattelova.

Modalen kommune gjennomførte ny alminneleg taksering i 2019. Dette omfattar kraftnettet, då eigedomsskattegrunnlaget for kraftverk er likningsverdiar frå Skatteetaten.

**3 Låneopptak frå Husbanken til vidareformidling** vert fastsett til kr 1 500 000 for 2022. Lånet er heimla i kommunelova § 14-17 (Lån til vidare utlån). Rådmannen har fullmakt til å gjennomføre låneopptaket og gjere val av vilkår.

**4 Betalingsatsar for 2022** vert vedteke i tråd med vedlegget: Modalen kommune – betaling for kommunale tenester 2022.

## **Formannskapet - 037/2021**

### **FOR - behandling:**

Økonomisjef Magne Verpelstad presenterte hovudtrekk ved framlegg til budsjett og økonomiplan 2022 - 2025.

Rådmannen orienterte om investeringsoversynet.

Ordføraren lufta interessa for å ivareta to gamle sandkaiar bort mot Otterstad. Korleis få dette til? Håvard Engeseth og Liv Anne Aansesen peika på at det var viktig å ha kontinuitet i prosjektet som er påbyrja på skulen. Unngå stopp i prosessen gjennom opphald i investeringsløyving i 2022. Forslag om å skyve prosjekt leikeplass Kleivane fram til 2023. Anne-Britt Almelid og Ann-Jorunn Farestveit viste til at det var viktig å framleis prioritere leikeplass Kleivane. Alle samde om å drøfte dette vidare i kommunestyret.

Samrøystes vedteke



## **FOR - vedtak:**

**1** Modalen kommune sitt budsjett og økonomiplan 2022-2025 vert vedteke slik det ligg føre i tråd med budsjett og økonomiplandokumentet.

**2** Eigedomsskatt 2022: For eigedomsskatteåret 2022 vert det skrive ut eigedomsskatt med heimel i eigedomsskattelova § 3 fyrste ledd bokstav c: «berre på kraftverk, vindkraftverk og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum».

Den alminnelege eigedomsskattesatsen i Modalen kommune er 7 promille, jfr eigedomsskattelova § 11 fyrste ledd.

Eigedomsskatten for 2022 forfell til betaling i 2 terminar: 31. mars og 30. september, jfr eigedomsskattelova § 25.

Klagenemnda for eigedomsskatt har kompetanse til å handsame klager etter § 19 i eigedomsskattelova, jfr § 20 i eigedomsskattelova.

Modalen kommune gjennomførte ny alminneleg taksering i 2019. Dette omfattar kraftnettet, då eigedomsskattegrunnlaget for kraftverk er likningsverdiar frå Skatteetaten.

**3** Låneopptak frå Husbanken til vidareformidling vert fastsett til kr 1 500 000 for 2022. Lånet er heimla i kommunelova § 14-17 (Lån til vidare utlån). Rådmannen har fullmakt til å gjennomføre låneopptaket og gjere val av vilkår.

**4** Betalingssatsar for 2022 vert vedteke i tråd med vedlegget: Modalen kommune – betaling for kommunale tenester 2022.

## **Vedlegg:**

Budsjett - Økonomiplan 2022-2025 Rådmannen sitt framlegg

Betalingssatsar 2022 - Rådmannen sitt framlegg

Søknad om tilskot 2022 - Mo sokn

Statsforvaltaren - Framlegg til statsbudsjett 2022 kommuneopplegget

Statsforvaltaren - Statsbudsjett 2022 - tilleggsproposisjon